

# Lokal forskrift 17. juni 2024 nr: \* \_\_\_\_\_

## Skulefritidsordning (SFO) for grunnskulane i Vanylven kommune, Møre og Romsdal

( \*nr på forskrifa kjem frå lovdata når denne er kunngjort i Norsk Lovtiend)

Kommunestyret i Vanylven kommune for skulefritidsordninga i Vanylven kommune.  
Dato for vedtaket: 17.juni 2024

Forskrifta er heimla i Opplæringslova § 4-5

## §1 Formål

Skulefritidsordninga (SFO) skal drivast i samsvar med gjeldande lov, forskrift og krav som gjeld for tildeling av statstilskot. SFO skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for å gi elevar et trygt omsorgs- og aktivitetstilbod før og etter skuletid der det blir lag til rette for leik, kultur- og aktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos eleven.

SFO er eit frivillig tilbod med hovudvekt på leik og samvær med andre born og vaksne. Dette er likevel ikkje til hinder for at t.d. tilbod om leksehjelp, musikkskule eller andre fritidstilbod kan byggjast inn i ordninga.

## §2 Verkeområde

Forskrifta gjev reglar for kommunal SFO for elle elevane i Vanylven kommune på 1.-4.trinnet, og for elevar med særskilt behov på 5.-7.trinnet.

## § 3 Eigartilhøve, forvaltning

- a. Vanylven kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane etter opplæringslova og gjeldande forskrift gitt av Kunnskapsdepartementet.  
Livsløpsutvalet har forvaltnings- og tilsynsansvar.
- b. Overordna administrasjon ligg til oppvekstkontoret.
- c. Rektor er administrativ og pedagogisk leiar for SFO og får administrasjonsressurs til dette etter gjeldande reglar.
- d. Bemanning på SFO består av SFO-leiar, fagarbeidrarar og assistentar.
- e. Det utarbeidast eit årsplan ved skulestart, planen skal vere i tråd med sentrale føringar og rammeplan for SFO.
- f. Skulreglane i høve orden og åtferd gjeld i SFO – tida.
- g. Det ordinære SFO-tilbodet er ope 190 dagar, følger skuleåret. 0-12 t/v , 12-18 t/v og over 18 t/v. Foreldre legg ein oppholdsplan i Vigilo i samråd med SFO-leiar, dette for å lage eit best mogleg opphold for barna. Plass typen som er valt for barnet er faktureringsgrunnlaget.

## §4 Opptaksriterium, opptaksperiode og oppseiing:

- a) Rektor gjer opptak av born i SFO. Hovudopptaket for komande skuleår bør gjerast i mai månad. Søknaden sendast gjennom Vigilo innan frist.
- b) Elevar som går i 1.- 4. klasse og elevar i 5.-7. klasse som har særskilte behov har rett til plass i skulefritidsordningane. Barn med særskilde behov definerast som barn med varige funksjonsnedsetting som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand, og som har tilrettelegging innafor det ordinære og evtuelt spesialundervisning.
- c) Gjennom Vigilo kan det også søkjast om plass gjennom heile året. Borna har rett til plass innan 3 mnd. frå innkomen søknad.
- d) Den kommunale klagenemnda (formannskapet) er ankeinstans for opptaket.
- e) Opptaket er bindande. Oppseiing kan gjerast frå den 1. i kvar månad med minimum 1 månads oppseiingstid. Same frist gjeld ved oppseiing av del av plassen (redusert opphaldstimetal). Oppseiinga må vere skriftleg gjennom Vigilo.
- f) Oppseiing frå og med 1.april eller seinare, medfører betaling ut skuleåret.
- g) Rektor tek opptak etter følgande prioritet:
  - 1.og 2. trinn
  - 3.trinn
  - Barn med særskild behov (4.-7.trinn)
  - 4.trinn
- h) Det skal vere minst 6 påmelde elevar for at det blir gjeve tilbod om SFO ved den einskilde skule.
- i) SFO er open ved behov alle skuledagar mellom kl 07.20 og 16.30.
- j) Det kan tingast plass utover opningstida og i ”skulefrie periodar” dersom minst 6 elevar melder seg. Ein må i så fall betale ekstra for dette ut frå den opphaldstida ein gjer avtale om. Ved lågare brukartal bør ein søkje å legge til rette for tilbod i barnehage eller i SFO på andre skular. SFO er i alle hove stengd i juli månad. Sommar- SFO har eigen søknadsprosess og er felles tilbod for alle elevar 1.-4.trinn i Vanylven.
- k) Rektor kan godkjenne avvik frå minimumsgrensene i pkt a og c dersom det blant brukarane er funksjonshemma elevar med behov for SFO eller avlastingstilbod.
- l) Kommunen kan legge ned/endre drifta av ei skulefritidsordning med 3 månaders varsel.

## § 5 Foreldrebetaling

Foreldra betaler for 10 månadar SFO etter skuleåret (190 skuledagar). Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret og kan justerast pr 1. januar og 1. august kvart år.

Foreldrebetalinga vert gradert etter oppholdstid og kommunestyret fastset eventuell nedre grense for timetal som kan kjøpast. Det vert kravd betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom eller andre årsaker. Dispensasjon for einskildtilfelle kan gjevast etter søknad. Det vil vere høve til å kjøpe ekstra tid. Det vil bli fakturert for ekstra tid som ikkje er avtalt etter eigen sats. 1.-4.klasse betalar for SFO-plass etter dei gjeldande satsane som er vedtatt av kommunestyret. 5.-7.trinn har rett på gratis SFO etter dokumentert søknad og behov.

Søskenmoderasjon på 20 % gjelder frå barn nummer to på SFO.

Søknad om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid sendast til forvaltningsnivået via søknadsportalen Vigilo. I forskrift til opplæringslova står det i §1B-1:

«Kommunen skal etter søknad gi reduksjon i foreldrebetalinga for skulefritidsordninga på 1.-4. årstrinn slik at den pr. elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom:

- a) foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn 6 % av skattepliktig inntektene til hushaldet det siste året, eller
- b) det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.

Vedtak om redusert foreldrebetaling gjeld frå første heile månad etter at søknad med nødvendig dokumentasjon er registrert, og ut skuleåret.

Foresette må difor sende ny søknad kvart skuleår, med ny dokumentasjon for inntekt. For søknadar før 1. august gjelder kommunen sitt vedtak frå 1. august og ut skoleåret. Blir det søkt etter 1. august, gjelder vedtaket frå første månad etter søknadstidspunkt og ut skoleåret

Betaling for kost kjem i tillegg.

Ved manglande betaling vil kommunen tvangsinngjorde forfalne sum etter gjeldande lovgjeving. Forseint henting kjem eige fastsett gebyr.

## § 6 Leike- og oppholdsrom

Skulefritidsordninga brukar skulen sitt lokale og uteområde. SFO kan og bruke nærområdet til aktivitetar. Livsløpsutvalet skal godkjenne leike- og oppholdsareal og tal på born som kan vere der ut frå rettleiande normer.

## §7 Dagleg oppholdstid og årleg opningstid

- a) Bemanninga vert fastsett etter behov der ein tek omsyn til talet på born, alderssamsetjing og om der i gruppa er born som treng spesiell oppfølging. Normalt bør det ikkje vere over 14 born pr vaksen i blanda SFO-grupper. Lærlingar kan brukast som ekstra bemanning og også innarbeidast i vaktplanen som del av den faste bemanninga.
- b) Ved kvar SFO-ordning skal det vere ein hovudassistent som har eit særleg ansvar for planlegging og tilrettelegging av tilbodet. Hovudassistenten skal vere kontaktperson for foreldre og utføre merkantilt arbeid som rektor delegerer etter behov. For dette skal vedkomande ha administrasjonstid, alt etter kor mange born som er i SFO. Administrasjonstida er bunden arbeidstid, tilstadeveringstid, innlagt i stillinga. Vurdert ut frå fordeling av arbeidsoppgåver kan denne ressursen avgjeraast i samråd mellom rektor og kommunalsjef.
- c) Ved utlysing av ledige stillingar for assistenter i SFO vil det i utlysingsteksten verte stilt krav om utdanning som minst tilsvara barne- og ungdomsarbeidar ( fagbrev) for både hovudassistentar og andre assistenter.
- d) Tilsette arbeider etter vedteken instruks og blir lønna etter gjeldande tariff og kommunale vedtak om plassering.

## § 8 Ansvar

SFO har ansvar for eleven i den tildelte oppholdstida. Vanylven kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for elevane også i SFO-tida. Skulen sitt internkontrollsysteem omfattar også SFO.

## § 9 Klage

Enkeltvedtak fatta i høve denne forskrifta kan påklagast. Som enkeltvedtak rekna vi mellom anna:

- a. vedtak, innvilge ein søknad om plass og avslag på søknad om plass
- b. vedtak om endring av størrelse på plass.
- c. vedtak om oppseiing av plass.

Klagen stilast til rektor på skulen eleven høyrer til. Klageinstans er kommunen si klagenemnd, formannskapet.

## § 10 Iverksetjing

Lokal forskrift trer i kraft 1. august 2024